

Kald skulder til miljøforskning

Norsk Polarinstitutt kan få budsjettkutt på opptil 30 millionar kroner neste år. Miljø- og klimaforskning har ikke vore høgt prioritert av Solberg-regjeringa.

POLITIKK

PER ANDERS TODAL
peranders@dagogtid.no

Klima- og miljøforskning skal vere blant dei aller høgast prioriterte forskingsområda i Noreg, har regjeringa lova. Men den lovnaden ser så langt ikkje ut til å vere særleg forpliktande. Norsk Polarinstitutt, som har klima- og miljøforskning som sentrale arbeidsfelt, har fått signal frå Klima- og miljødepartementet om at dei kan få kutt på opp mot 30 millionar kroner neste år, i så fall over ti prosent av budsjettet. Ved instituttet er prosessen i gang for å finne ut kor dei kan kutte.

Det er førebels uklart kva aktivitetar som kan bli råka, men prosessen kan ende med oppseiingar av fagfolk. Dei tilsette har ikkje fått noko grunngjeving på kvifor det skal kuttast. Norsk Polarinstitutt har status som «Norges sentrale institutt for vitenskapelig forskning, miljøovervåking og kartlegging av Arktis og Antarktis», og står mellom anna for forvaltinga av norske aktivitetar i Antarktis, inkludert Troll-stasjonen. Instituttet skal òg gje uavhengige faglege råd i mange kontroversielle spørsmål, til dømes om miljørisikoene ved oljeutvinning i nordområda.

UAVKLART

Jan-Gunnar Winther, direktør ved Norsk Polarinstitutt, kan ikkje seie mykje om budsjettprosessen enno, men stadfestar at det kan

– Det kan eg ikkje gå inn på.

– Klimaforskning og havforsking skal vere to av dei store vitskaplege satsingsområda for regjeringa. Norsk Polarinstitutt er ein av dei sentrale institusjonane på bæfefelt?

– I disponeringa av statlege midlar er det mange omsyn å ta, og mange ting skal vegast opp mot kvarandre. Men det stemmer at vi har dei emna i porteføljen vår, ja.

– Kva satsingsfelt er det aktuelt å kutte i for Norsk Polarinstitutt?

– Vi veit enno ikkje kva omgang kutta får, så det er for tidleg å seie, seier Jan-Gunnar Winther.

HÅPAR I DET LENGSTE

Arlind Sundfjord, lokalstyremedlem i Forskerforbundet ved Norsk Polarinstitutt, vonar og trur at kutta ikkje blir noko av.

– Regjeringa seier at ho tek klimatrusmålet på alvor, og at ho vil vidareføre og styrke satsinga på nordområda, seier Sundfjord.

– Vi har difor vanskeleg for å tru at regjeringa vil svekkje eitt av Noregs viktigaste miljø på desse felta. Og om regjeringa skulle gjere dette, ser vi det som lite truleg at ho vil få støtte i Stortinget.

Forskerforbundet har oppmoda instituttleiinga til å jobbe mot dei skisserte kutta.

– Store budsjettkutt vil gje konkret effekt på kva instituttet kan produsere. Den kunnskapen

til Solberg-regjeringa: Klima og miljø verkar ikkje å vere særleg populære fagfelt. I statsbudsjettet for 2015 vart Klima- og miljødepartementet den store taparen, med eit kutt i driftsbudsjettet på 12 prosent og eit kutt på 2 prosent i det samla budsjettet. Departementet er ei viktig finansieringskjelde for miljøforskning. Miljødirektoratet, som har til oppgåve å «redusere klimagassutslipp, forvalte norsk natur og hindre forurensning», fekk kutt på nesten ni prosent.

Denne veka skreiv Verdens Gang at Meteorologisk institutt, som ikkje berre skal lage værmeldingar, men òg driv med mykje forsking, skal kutte minst 26 årsverk, av dette 17 meteorologstillingar. Noko av grunnen skal vere därleg økonomistyring ved instituttet, og det skal slett ikkje regjeringa lastast for. Men det spelar òg inn at statsbudsjettet for 2015 innebar eit kutt på over 14 millionar kroner i løvinga til Meteorologisk institutt.

STORE BEHOV

– Alle offentlege etatar må finne seg i kutt, og det er sikkert ein del effektiviseringsvinstar å hente hos oss. Vi har hatt nokre gode år. Men det er synd om vi skal miste så mange fagpersonar med mykje kompetanse. Eg håpar kuttplanen ikkje endar opp slik han no ser ut, seier statsmeteorolog Terje Alsvik Walløe, som er hovudtillitsvald ved Meteorologisk institutt.

– Instituttet har fått fleire oppgåver og plattformer enn før. Og når vi ser at episodane med ekstremvær har kome oftare enn tidlegare, aukar det òg behovet for betre varslingstjenester. Eg kan ikkje skjøne at behovet for tenestene våre blir mindre, seier Terje Walløe.

Det er særleg den aukande ekstremnedbøren som stiller nye krav til varslinga frå Meteorologisk institutt. Etter flaumen i Odda og Voss i fjor haust påpeika Verdens Gang at regjeringa i fjor kutta den årlege ekstraløyvinga til instituttet for å bygge nye værradarar. «En radar på Hardangervidda ville gitt bedre varsling av nedbøren i de aktuelle områdene for denne hendelsen. Flomvarslene ville også blitt bedre», sa direktør Anton Eliassen ved Meteorologisk institutt til Verdens Gang 1. november.

Regjeringa ønskjer at utbygginga av nye værradarar skal halde fram, men Meteorologisk institutt får heretter ingen



Direktør Jan-Gunnar Winther i Norsk Polarinstitutt og prosjektleiar Harald Steen framfor forskingsskipet

Foto: Jan-Morten Bjørnbakk / NTB scanpix

ekstraløyvingar til dette, og må dekkje utbygginga over det vanlege budsjettet sitt.

I statsbudsjettet for 2015 ville regjeringspartia òg kutte det norske bidraget på 167 millionar til det europeiske jordobservasjonsprogrammet Copernicus, som mellom anna skal levere satellittdata til miljø- og klimaovervåking. Men dette kuttet vart stogga av Venstre og KrF.

Han meiner at den generelle satsinga frå regjeringa på forsking er lovande, men undrar seg litt over prioriteringane.

– Langtidsplanane for forsking er gode, og regjeringa seier at klima skal vere eitt av dei prioriterte områda. Men statsbudsjettet i fjor innebar kutt, ikkje satsing. Heldigvis sytte Stortinget for ei påplussing til klimaforskinga i revidert statsbudsjett.

STUSSAR PÅ PRIORITERINGA

Tore Furevik, direktør for Bjerknessenteret for klimaforskning, har sjølv ikkje fått noko kuttvarsel for neste år frå regjeringa. Men han meiner det som har kome og er varsle av kutt på miljø- og klimafelte er urovekkjande.

– Det er synd om Norsk Polarinstitutt må redusere aktivitetene sin. Og det same gjeld Meteorologisk institutt. Om regjeringa ikkje ser nytta av ein sterkt beredskap på meteorologifellet, er det beklaageleg, for det er ei viktig samfunsteneste. Det er òg eit ganske sterkt signal at Klima- og miljødepartementet fekk reduksjon i budsjettet for i år, seier Furevik.

OVERRASKA

Undringa til Furevik var delt av fleire da regjeringa la fram statsbudsjettet i fjor haust. «Klima, miljø og miljøvennlig energi» er eitt av dei seks høgast prioriterte områda i tiårsplanen for forsking som kunnskapsminister Torbjørn Røe Isaksen la fram i fjor haust. Men dette viste ikkje att i statsbudsjettet for 2015, påpeika Arvid Hallén, direktør i Forskningsrådet. «Vi ser at de tematiske satsingsområdene i langtidsplanen i liten grad er prioritert i dette budsjettet, og noen tematiske forskningsområder kuttas. Dette gjelder ikke minst klima- og miljøforskningen, der



– Det er eit ganske sterkt signal at Klima- og miljødepartementet fekk reduksjon i budsjettet for i år.

Tore Furevik, Bjerknessenteret

bli kutt på opp mot 30 millionar. Løvinga over statsbudsjettet for 2015 er på 277 millionar kroner. Dei årlege løvingane til Norsk Polarinstitutt kjem frå Klima- og miljødepartementet.

– Budsjettprosessen for neste år er ikkje avslutta, mykje er framleis uavklart. Men vi har fått indikasjonar på at vi må vere budde på å kutte. Vi har gjort ein gjennomgang av verksamda for å finne ut korleis vi kan auke innntektene og redusere kostnadene, seier Winther.

– Har de fått noka fagleg grunngjeving frå departementet av kvifor de må kutte?

vi leverer, ser ut til å bli stadig viktigare.

Dag og Tid sende fleire spørsmål om denne saka til Klima- og miljødepartementet, men det korte svaret frå kommunikasjonsrådgjevar Jo Randen var dette: «Departementet kommenterer ikke statsbudsjettet for 2016 før Regjeringen legger sitt forslag frem for Stortinget 8. oktober.»

MØRKE SKYER

Dersom kutta ved Norsk Polarinstitutt blir av den storleiken som er varsle, ser det ut til å gå inn i eit mønster for politikken

forskning



«Lance» ved kai i Tromsø. Norsk Polarinstitutt må no bu seg på store kutt.

det er store kunnskapsbehov», sa han til Forskning.no da budsjettet var lagt fram.

– Den varsle prioriteringa av klima og miljø i langtidsplanen vart ikkje følgd opp i statsbudsjettet. Men i revidert kom det ei påplussing på 25 millionar til klimaforsking, og det var positivt, seier Arvid Hallén til Dag og Tid.

– Men behova er langt større enn dette. I framlegget vårt for 2016 foreslår Forskningsrådet ein vesentleg auke til klima- og miljøforsking. Så blir det svært spennande å sjå om dette området blir høgare prioritert i neste års statsbudsjett.

– I Framstegspartiet har det vore stor skepsis til klimaforsking generelt, også blant dei sentrale tillitsvalde. Er det grunn til å tru at det spelar noko rolle for prioriteringane til regjeringa på forskingsfeltet?

– Eg trur ikkje det. I langtidsplanen for forsking frå regjeringa er det i alle fall ikkje spor av klimaskepsis. Inntil vidare tek eg regjeringa på ordet, seier Arvid Hallén.

Satsar i andre departement

– Regjeringa prioriterer klima og miljø høgt, forsikrar politisk rådgjevar Jens Holte Frølich i Klima- og miljødepartementet.

«Reduksjonen på Klima- og miljødepartementets budsjett i fjor skyldes i stor grad tekniske justeringar», skriv Frølich i eit e-brev og viser til endringar i føringa av meirverdiavgift og avslutninga av ein nasjonalparkplan. Frølich trekkjer òg fram ei rekke satsingar frå regjeringa på klima- og miljøfeltet, mellom anna desse: 10 milliardar i auka eigenkapital for Statkraft for å investere i fornybar energi, tre milliardar årleg

Mistrua som vart usynleg

I Frp er det djup og utbreidd mistru til klimavitskapen. Men den haldninga fekk ikkje vere med i regjeringsplattforma.

Som kjent er det to parti som utgjer den norske regjeringa, og det eine av dei har i alle år vore ekstremt kritisk til klimaforsking og ideen om at klimagassutslepp er årsak til den globale oppvarminga. NRK ringde til atten listetoppar frå Framstegspartiet før valet i 2013 og spurde om dei trudde Klimapanelet til FN hadde rett i at klimaendringane i stor grad var forårsaka av menneskeleg aktivitet. Alle svara nei. I februar i fjor sa Jan-Henrik Fredriksen, klimapolitisk talsmann for Frp, til Dagsavisen at «Klimapanelets konklusjon om menneskeskapte klimaendringer er et politisk bestillingsverk».

Men i plattforma til Solbergregjeringa er det ikkje spor av den djupe mistilliten Frp i alle år har hatt til klimaforskinga. I Sundvolden-erklæringa heiter det: «Regjeringen vil føre en ambisiøs nasjonal klimapolitikk med en langsigktig omstilling til et lavutslippsamfunn innen 2050.»

til regnskogsatsinga, styrking av Klimateknologifondet til klimavenleg omstilling med 9 milliardar kroner, og auke i Innovasjon Norges miljøteknologiordning med 150 millionar kroner. «En god klima- og miljøpolitikk handler om å gjennomføre tiltak på mange ulike samfunnsområder. Da er det helt naturlig at tiltakene havner på andre departementer enn Klima- og miljødepartementet», skriv Frølich.

fotefar


TEMAREISER



Hans-Wilhelm Steinfeld



Eva Bratholm



Olav Stedje



Sylfest Lomheim

Roma & Toscana

11. – 18. april
Pris frå 13 975,-

Skottland & Nord-England

29. april – 6. mai
Pris frå 12 995,-

Berlin

29. april – 4. mai
Pris frå 10 990,-

Normandie & Paris

20. – 27. mai
Pris frå 14 950,-
Med Sylfest Lomheim

Beatles-tur til Liverpool

20.–25. mai
Pris frå 12 990,-

Stockholm, Tallinn & Riga

21.–29. juni
Pris frå 11 995,-

Færøyane

29. mai
Pris frå 14 990,-

Island

2. – 7. august og
20. – 25. august
Pris frå 13 475,-
Med Sylfest Lomheim

Moskva & St. Petersburg

Ekstratur 10. – 17. juli
Pris frå 26 950,-
Med Hans-Wilhelm Steinfeld

New Orleans & Texas

8. – 19. oktober
Pris frå 21 800,-

New York & Washington

9. – 16. september
Pris frå 23 950,-
Med Eva Bratholm

USA – Midtvesten

18. – 29. juli
Pris frå 21 550,-

Memphis,

Nashville & Smoky Mountains

11. – 20. september
Pris frå 22 995,-

Nashville, Memphis & New Orleans

11. – 20. mars 2016
Pris frå 23 995,-

tlf. 918 20 304

www.fotefartemareiser.no

REISEGARANTIFOND
RGF.no